

## STYRESAK

**GÅR TIL:** Styremedlemer  
**FØRETAK:** Helse Bergen HF

**DATO:** 16.12.2018  
**SAKSHANDSAMAR:** Clara Gram Gjesdal  
**SAKA GJELD:** **Hending i akuttmottaket**

**STYRESAK:** 127/18 0

**STYREMØTE:** 19.12.2017

---

### FORSLAG TIL VEDTAK

Styret tek saka til orientering og ber om at den blir lagt fram på nytt i neste styremøte.

## Oppsummering

Fylkesmannen i Hordaland har hatt tilsyn med Haukeland universitetssjukehus etter ei hending 15. oktober 2018, der ein mann med hjartesyjukdom døydde medan han venta på behandling i akuttmottaket. Det var mange alvorleg sjuke pasientar som kravde behandling på same tid. Mannen blei liggjande utan tilsyn, uten tilkobling til skop. Han alarmerte med ringesnora men ingen oppfatta det.

Mannen kom inn med brystmerter og tilstanden blei vurdert til å ha nest høgaste hastegrad («oransje»). Etter avklaring av hastegrad blei han lagt på rom for seg sjølv. Det var fleire livstrugande sjuke («raude») pasientar i mottaket som helsepersonellet måtte prioritere. Då mannen blei sett til over ein time seinare, var det for seint.

Sjukehuset varsla straks Helsetilsynet om hendinga og Fylkesmannen i Hordaland gjennomførte tilsyn på staden med intervju av involvert helsepersonell og leiarar. Vedlagt saka er den endeleg rapporten frå Fylkesmannen.

Fylkesmannen leverte ein førebels rapport som Helse Bergen fekk høve til å kommentere. Dette vart gjort etter ein grundig gjennomgang av saka og omstenda rundt.

Pårørande og involverte tilsette blir fulgt opp.

## Strakstiltak etter hendinga

Ei rekkje tiltak er sette i verk på kort sikt for å sikre pasienttryggleiken i akuttmottaket.

Strakstiltak for betre legebemanning:

- Det er frå 18.10.18 sett i verk vaktplan med 1 ekstra LIS (kl 12-19) frå Medisin/Hjerte/Lunge
- Det er frå 04.12.18 sett inn endå 1 ekstra LIS (kl 16-21) frå Medisin hjerte Lunge samt 1 ekstra LIS frå MK (kl 16-22)
- Strakstiltak er evaluert

Det er og gjort andre strakstiltak:

- Oppfordring til å nytte rutiner for å styrke bemanning i Mottaksklinikken «ressursteam»/ «intern beredskap»
- Oppfordring til å nytte bakvakt
- Innført ansvar og mynde til mottakslege og plan for høg aktivitet

Tiltak i samband med den konkrete hendinga:

- Auka merksemd for ringesignal
- Open dør ved bruk av rom nr 11
- Planlagt kurs om EKG og ustabil koronarsyndrom og prosedyre for alle legar i mottaksklinikken og ABC vaktlaget

## Handlingsplan for forbetring av forholda i akuttmottaket

Haukeland Universitetssjukehus utarbeider no ein handlingsplan for å forbetre forholda

Leiarane skal følgje opp planen i samarbeid med medarbeidarane, tillitsvalde og vernetenesta. Handlingsplanen med underpunkt har ein frist for gjennomføring.

Det blir og laga ein plan for evaluering og det vil bli gjort naudsynte korrigeringar og replanlegging i etterkant slik at vi sikrar forbetring, jamfør forskrift om leiing og kvalitetsforbetring. Utkast til handlingsplan blir presentert i møtet.

Det vil bli vurdert om nokre av tiltaka er aktuelle i andre deler av verksemda eller for andre sjukehus.

Vedlegg :

1. Fylkesmannen si avgjerd i tilsynssak